

Kort om konfirmasjon

- Alle kan delta i konfirmasjonstida
- Opplegget går over ni månader
- Høgdepunktet er konfirmasjonsdagen
- Påmelding skjer det året ein går i åttande klasse
- Dei fleste blir konfirmerte det året dei går i niande klasse
- Det finst mange grunnar til å velje konfirmasjon i kyrkja, blant dei er tradisjon, utforske tru og meiningsa med livet og verta betre kjend med andre, deg sjølv og Gud.
- Det blir ikkje stilt krav til kva du meiner eller kva du trur på
- Du får reflektere og tenkje kritisk
- Du lærer om kristen tru, men også tema som klima, rettferd og identitet
- Det einaste kravet for å bli konfirmert er å vere døypt, og det kan du bli i løpet av året
- Konfirmasjonsdatoar 2025:
Knarvik 4.mai
Seim og Lygra: 11.mai
Alversund: 24. og 25.mai

Ta kontakt på e-post: td663@kyrkja.no
eller på telefon: 40464119 viss du lurer
på noko.

**Helsing Knarvik sokn (Knarvik,
Alversund, Seim og Lygra)**



Denne brosjyra vert sendt til kyrkja sine medlemmer fødde i 2010, og direkte til trusopplæringsabonnentar med born fødde i 2010. QR-koden fører til Knarvik sokn si konf.nettside, der finn du meir informasjon om konfirmantåret.

No er
det din
tur!

KONF
IRM
AN
20 25



DEN NORSKE KYRKJA
Knarvik sokn





Velkommen til konfirmasjon!

No er det berre eitt år til konfirmasjonsdagen din i Knarvik,
Alversund, Seim eller Lygra kyrkje.
Det blir ein festdag, og du har mykje å glede deg til!

Kva kan eg glede meg til?

Du kan gle deg til å bli ein del av eit fellesskap. Du kan òg sjå fram til å lære mykje spennande om deg sjølv, om tru, om Gud og den verda du er ein del av.

Konfirmasjonsdagen er ein skikkeleg festdag, som du kan sjå fram til! Her blir alle som er konfirmantar feira i kyrkja. I gudstenesta ber vi ei bøn om at Gud velsignar deg, og om at Gud styrkjer deg på vegen vidare i livet.

Tidlegare konfirmantar fortel at høgdepunkt frå året som konfirmant er leir og konfirmasjonsdagen.

Korleis ser opplegget ut?

Konfirmasjonsopplegget i Knarvik sokn har nokre viktige element, mellom anna desse:

Gruppesamlingar. Du vel enten: Idrettskonfirmant, Friluftskonfirmant eller Q&A-konfirmant (samtalegruppe). Meir informasjon om gruppene på nettsida.

Konfirmantleir

Konfirmantfestival - felles for alle konfirmantane i Nordhordland ein laurdag i april 2025.

Gudstenestedeltaking.

Kva skjer på leir?

På konfirmantleir har me det kjekt! Det er mykje fokus på leik og fellesskapsbyggjande aktivitetar. Me reiser til Dyrkolbotn Fjellstove og leirskule helga 17.-19.januar 2025.

På konfirmantleiren får konfirmantane ein stor del av konfirmantundervisninga - både ute og inne. Det er ein fin arena til å verta betre kjende med andre konfirmantar enn dei du kanskje går i klasse med eller er med på fritida. Det er fint å få nye vener!

På leiren har me undervisning, leikar, god mat, pratar og har det fint saman. Det er kjekt med leir!

Meir info og påmelding på: www.kyrkja.no/knarvik

Trykk på "Konfirmasjon" øvst på nettsida. Der finn du all informasjon du treng. Påmeldinga for kullet som er født i 2010 opnar i slutten av april 2024. Heile året kostar 1500 kr. Les meir om pris og støtteordningar på nettsida vår.

Kven kan bli konfirmert?

Alle kan bli konfirmant i kyrkja! Velkommen uansett om du trur, ikkje trur eller er litt usikker. Det einaste kravet er at du er døypt innan konfirmasjonsdagen. Om du ikkje er døypt frå før, er det ikkje noko problem. Mange blir døypt i løpet av tida som konfirmant.

Kyrkja er eit mangfaldig fellesskap, og vi ønskjer at alle skal få ei god konfirmasjonstid. Om det er behov for individuell tilrettelegging, er det berre å ta kontakt.